

Bergen Varmesenter As  
Åge Smedsvik  
Littleåsvegen 47  
5132 NYBORG

Referanser: Saksbehandlar: Dato:  
Dykkar: Stein Kåre Løvslett 03.11.2023  
Vår: 23/1121 - 23/9716 stein.kare.lovslett@austrheim.kommune.no

## Vedtak - oppføring av skorstein - gbnr 135/17 - Bakka

### Administrativt vedtak. Saknr: 138/23

**Tiltakshavar:** Stine Bakke  
**Ansvarleg søker:** Bergen Varmesenter AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

#### Saksutgreiing:

##### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av ny skorstein.

Det vert elles vist til søknad motteke 23.10.2023.

##### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett når den var mottatt.

#### VURDERING

##### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Bergen Varmesenter AS**, org.nr. 917 864 451, har erklært ansvarsrett som **ansvarleg søker( SØK)**.

Føretaket har ikkje sentral godkjennings om dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Bergen Varmesenter A S**, org.nr. 917 864 451, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) Installasjon av vedovn og stålskorstein**.



Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM  
austrheim.kommune.no



56 16 20 00  
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823  
Bankkonto: 1594.11.80407

Føretaket har ikkje sentral godkjennings om dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Bergen Varmesenter A S**, org.nr. 917 864 451], har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) Installasjon av vedovn og stålskorstein**.

Føretaket har ikkje sentral godkjennings om dekker ansvarsområdet.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK), 23-5 (PRO) og 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for omsøkte ansvarsrettar.**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav f, vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av skorstein og eldstad på gnr. 135 bnr. 17.**

Før det vert gjeve ferdigattest må det sendast inn dokumentasjon for valgte løysing

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvaast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **23/1121**.

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikke krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.*

*Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.*

*Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.*

Med helsing

Stein Kåre Løvslett  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Vedlegg:**

**Kopi til:**

Alf Kvant

Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen

Vidar Hansen

**Mottakere:**

Bergen Varmesenter As

Litleåsvegen 47      5132

NYBORG